



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Grete Riise, 5557 2230

Vår dato
27.03.2017
Dykkar dato
21.02.2017

Vår referanse
2017/171 732.0
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Melding om til vidareutvikling av frisklivstilbod i Lindås 2017

Fylkesmannen gir med dette eit tilskot på kr. 100 000,- til utvikling av frisklivstiltak i Lindås kommune over kapittel 762.60 på statsbudsjettet for 2017.

Dette er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og de har difor ikkje høve til å klage på vedtaket eller vilkåra i dette brevet.

Bruk av midlane

Midlane kan som hovudregel ikkje omdisponerast eller brukast til andre formål enn det som er omtala i dette brevet. Dersom midlane ikkje blir brukte etter føresetnadene, skal dei betalast attende til Fylkesmannen. Feil bruk og mislighald av tilskotet vil kunne føre til rettslege tiltak. Les meir om krav og vilkår for tilskotet i [Helsedirektoratets regelverk for tilskuddsordning kapittel 762 post 60](#). Sjå særleg punkt 3. *Kriterier for måloppnåelse*.

Utbetaling og krav til stadfesting

Tilskot blir først utbetalt når

- Fylkesmannen har fått og godkjent rapport for fjorårets tilskot.
- Fylkesmannen har fått tilbake den vedlagde stadfestinga i utfylt og underskriven stand. Sjå siste sida i dette brevet.

Ubrukte midlar

Tilskotet skal brukast dette budsjett- og kalenderåret. Dersom midlane ikkje blir oppbrukte, finst følgjande alternativ:

1. Betal heile eller delar av tilskotet tilbake til Fylkesmannens kontonummer 7694 05 01098, merkt med kapittel, post og vårt saksnummer. Fylkesmannen skal informerast om dette.
2. Ubrukte midlar blir trekte frå neste års tildeling dersom prosjektet eller aktiviteten blir vidareført. For å kunne vidareføre tilskotet, må de søkje om tilskot på nytt. Søknadsbeløpet må inkludere både ubrukt og nytt tilskot.

Kontroll og dokumentasjon

Fylkesmannen krev at rekneskapsdata og dokumentasjon av opplysningar som ligg til grunn for søknaden eller utrekning av tilskotsbeløp, skal oppbevarast for eventuell kontroll i minimum fem år frå det tidspunktet kommunen fekk tilskotsbrevet.

Rapporteringsfrist

Kommunen skal rapportere til Fylkesmannen innan 1. april neste år. For prosjekt og aktivitetar som går over fleire år, skal kommunen sende rapport for kvart år dei har fått tilskot for.

Rekneskapsrapportering

Det skal først separat rekneskap for tilskotet, skilt frå resten av rekneskapen for eksempel med ein prosjektkode. Rekneskapen skal vise kva utgifter som er dekte av tilskotet, og skal vere skilt frå rekneskap for egne midlar og/eller midlar frå andre. Rapport med rekneskap per 31.12.2016 skal sendast til Fylkesmannen innan 1. april 2017. Rekneskap for tilskot på kr. 100 000,- eller meir må vere revisorattestert.

Kommunen må søkje om tilskot for kvart år. Utlysinga blir publisert på www.fylkesmannen.no/Hordaland. Skriv saksnummeret vårt på all brevveksling.

Fyll ut og send vedlagte stadfesting til snarast, så overfører vi pengane etter det.

Med helsing

Anne Grete R0bøle
seksjonsleiar

Grete Riise
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Stadfesting av mottatt tilskot til etablering og utvikling av kommunale frisklivs-, lærings- og meistringstiltak over kap. 762.60 i 2017

Kommune:

Organisasjonsnummer:

Kontonummer for innbetaling:

NB! Dersom kontonummeret blir endra i løpet av året, må Fylkesmannen snarast få melding om endringa.

Fylkesmannen har løyvt tilskot på kr. 100.000,- over statsbudsjettets kapittel 0762.60 for budsjettåret 2016 til etablering og utvikling av det kommunale frisklivs-, lærings- og meistringstilbudet.

Tilbudet er etablert i samsvar med mål og tildelingskriterium (sjå regelverk for tilskot)

	Ja/nei	Merknad
Tilbudet er forankra i planar vedtekne av kommunestyret.		
Det blir gitt tilbud om strukturert oppfølging i fysisk aktivitet, kosthald og snus- og røykeslutt		
Vi gir tilbud til alle, med eller utan tilvising frå lege eller andre.		
Behov for tiltaket er kartlagt, og kravet om brukarmedverknad og likemannsarbeid er ivaretatt i etablering og utvikling av tiltaket.	NB! Nytt	
Plan for iverksetjing i ordinær drift ligg føre.		

Vi stadfester med dette å ha lese og godtatt dei vilkåra som er gitt i tilskotsbrev med lenkje til regelverk av 2017.

Namn, adresse og telefonnummer på prosjektleiar/økonomiansvarleg

--	--	--

Dato og underskrifta til rådmannen eller den rådmannen har delegert mynde til

--	--